



Julekort og juleverb

Mål med oppgåva

Øve på korleis ein bøyer verb i nynorsk gjennom kreativt og praktisk arbeid.

Oppgåve

- Lag ei liste over julete verb – ting vi gjer før jul og i jula. Døme på verb kan vere: pakke, vaske, handle, bake, pynte, gle, synge, ete, kose osb.
- Vel deg ut seks verb som du skriv setningar med. To av setningane skal stå i presens, dei to neste i preteritum, og dei to siste skal stå i presens perfektum.
- Vel eitt eller to verb som du vil illustrere.
- Bøy verbet/verba.
- Lag eit julekort eller ein gåvelapp der du skriv heile a-verbo-bøyninga og illustrerer verbet.



Julekortet er teikna av Evelina Pedraudze (14). Julekorga er teikna av Johanne Eika Bergill

